

HYRDINGEN



NR. 2

Mars 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

God Påske!



**Bilete frå FamilieKRIK Weekend
Sjå side 11**

Prosten har ordet	2	Hyrdingen 60 år	6	Møte og arrangement	12
Underskot i Hyrdingen	2	Minneord Trygve Sandvik	8	Støtteannonser	13
Redaksjonspennen	3	Yngres	9	Frå kyrkjeboka	13
Min song	3	Påske-dagane	10	Gudstenester	14
Vener for livet - leir	4	Toalett på plass	10	Møte og arrangement	15
Konfirmantane 2018	5	FamilieKRIK-weekend	11	Di trushistorie	16
				Oppgaver for borna	16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen

på konto: 3240.11.17937

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,

Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Sigfred Sørensen:

Mobil: 488 90 359

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Prosten har ordet

Av Rune Steensnæs Engedal, prost i Haugaland prosti



Palmesøndag: Jesus – heilt konge?

Prinsar og prinsesser har noko eventyraktig over seg. Kongelege nyheiter får mange klikk i nettavisene. Kvar julaftan benkar halve Noreg seg føre TV-en og ser «Tre nøtter til Askepott». Kva er det som gjer prinsen i denne filmen så fantastisk og staseleg? Eg trur det er den kvite hesten som gjer utslaget. Det osar av makt og kongelegheit av ein kappekledd prins på ein flott, kvit hingst.

Derfor blir det litt absurd når vi ser for oss opptoget på palmesøndag. Ein alvorstyngd mann er på veg inn i hovudstaden, humpande på eit lite esel. Det er liksom ein viss forskjell på gjera ein entré i ein rusten gammal Toyota og ein skinande limousin.

Likevel er det hurra-rop og jubel langs vegen når han kjem. For i deira auge er det ein kongeleg entré dei er med på. I meir enn 1000 år har mange menneskje følgd tradisjonen og samla seg i Jerusalem for å feira påske. Dei har lese skriftene og sett lovnadane om kongen som skal koma. Messias, som skal koma frå Gud, skal redda dei. Landet deira er okkupert av romarane. Dei opplever undertrykking. Dei er ufrie. Forventinga til at Messias snart skal koma og gjera dei frie, er veldig sterk. Så det dei ser, er ein konge som kjem for å setja inn det avgjerande støyten. Dei er ikkje i tvil. Derfor

skjærer dei av palmegreiner som dei vinkar med. Derfor legg dei kappane sine på vegen føre han.

Derfor ropar dei "Hosianna, Davids son!" Endeleg kjem kongen!

Eigentleg burde folk fatta mistanke. Dette var ikkje ei vanleg kongsfærd. Jesus vinkar ikkje sigersikkert til publikum med eit breitt smil. Entréen på det puslete eselet burde gjeve dei ein ide om at denne kongen hadde ein annan plan – eit anna oppdrag. Og det handlar om andre ting enn pengar og politisk makt. I løpet av få dagar vil jubelen stilna, stemninga vil snu. Det er andre ting dei vil ropa til Jesus.

Påskan er full av dramatisk. Mange viktige ting skjer i løpet av kort tid. Kva fortel palmesøndag oss?

At folk gjorde rett i å hylla Jesus. Han er verkeleg frelsar-kongen, men ikkje på den måten folk trudde.

Vi har grunn til å ha store forhåpningar til Jesus. Han er ikkje ein sånn Askepott-prins på den kvite hingsten som tar oss med til sødmefull lykke alle våre dagar.

Han kjem mot oss på eselfolen. Han kjem heilt bort til oss og spør om vi vil bli med han inn i påskehøgtida. Han vil gå med oss kvar dag, uansett kva som møter oss gjennom livet. Han vil vera vår konge!

Underskot i kyrkjebladet Hyrdingen

Av Steinar Skartland, redaktør for kyrkjebladet.

Kyrkjebladet Hyrdingen blir laga og sendt ut til alle som bur i Vindafjord, og i tillegg til ein del som har flytta ut og ynskjer å motta Hyrdingen for å kunna følgja med i det som skjer innan det kyrkjelege arbeidet og i bygdene her. Bladet er kyrkja og sokneråda sin informasjon om arbeidet og tilbodet kyrkja og bedehusa representerer i bygdene.

Inntektene kjem hovudsakeleg i form av frivillige bladpengar som dei som

mottek bladet betalar. I alt har dette vore 150.000 kroner i året. I tillegg kjem kr 10.000 frå støtteannonser i bladet. Dei siste to åra har vi sett ein nedgang i inntektene, med det resultat at vi sist år hadde underskot på 7.500 kroner og året før på 10.000 kr. Kostnadane stig litt frå år til år, sjølv om vi som utformar stoffet gjer dette på dugnad og utan løn.

Vi set vår lit til at du som les dette hugsar på oss og nyttar giroen som låg i førre utgåve til å betala inn eit beløp, og vi spør om kr 275 i året, men du vel sjølv om det skal vera større eller mindre. Kontonr.: 3240.11.17937.

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Vi feirar at det nå er 60. årgangen av kyrkjebladet. På side 6 kan du lesa historia om bladet som har følgd med i skiftingane i kommunegrensar og kyrkjelege inndelingar. Derfor høvde det å ta med ei faksimile av påske-utgåva frå 1970 der biskop Dagfinn Hauge skriv om «Siger over sorg». Vi henta også teksten om Påske (på side 10) frå same utgåva.

Så skal vi i desse dagane få gle oss over fri og tid for familie og kvarandre, og for nokre så blir det hyttetur og skigåing. Andre held seg heime. Det blir alltid mange gudstenester i påska. Vi oppfordrar deg til å oppsøkje desse samlingane, om du er heime eller kanskje på den staden du reiser til.

Eit ord vi ofte høyrer er at: «Nå skal vi kopla av». Men Påska handlar også om å få «kopla til.» Oppretta kontakten med Gud og Jesus gjennom bibelen og samvære om hans ord. Ta tid til å tenkja gjennom litt av det som påske betyr i vår kristne tradisjon. Om vår Far i Himmelen som elska oss så høgt at han sende sonen sin for å ordna opp på våre vegne. For at vi skulle verta frelste. Eller som det står i profeten Jesaja, kap. 53:

- Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.

Barne og ungdomsarbeidet i bygdene våre er viktig for å fortelja dette vidare til nye generasjonar. Det gjev oss von. Noko godt å sjå fram til.

Eg vil ynskja deg God Påske.

MIN SANG

Av Lill-Inger Velde

Jeg er altså Vatsbu (eller egentlig østlending da.. bosatt i vats..) To-barnsmor. Jobber som assistent på Vats skule og som barne- og ungdomsarbeider på Kyrkjetur.

Den aller fineste påskesangen jeg vet om er Bjørn Eidsvåg sin nydelige: "Til alle tider" (Den var kanskje ikke ment som en påskesang, men jeg synes den beskriver mye av påskebudskapet på en så fin måte).

Den traff meg rett i hjertet første gangen jeg hørte den. Jeg kjenner meg så godt igjen i teksten:

"skamfull ser jeg ned, det var du som led" - jeg tar det lett for gitt at jeg har det så bra. Og i hverdagens alle avtaler og aktiviteter kan det være lett å glemme og sette av nok tid til Jesus, takke han nok for at han led for meg.

"...straffen lå på deg, nåden bærer meg..."

Heldigvis tok Jesus straffen for alle oss, for at vi skal få evig liv. Og det må vi huske å takke han for. Hver dag.



En tåre renner fra ikonet
en mager mann med tornekrone
grepet ser jeg ned
min tro, mitt håp, min fred
jeg ser hva jeg har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
skammen bærer jeg

Et ord, en mann, et speil, en gåte
forundret ser jeg speilet gråte
så lite tro jeg har
jeg overhører svar
jeg trodde det var meg
som skulle redde deg
skamfull ser jeg ned
det var du som led

En mager mann som stille lider
evig Gud til alle tider
I himmel og på jord
min frelser og min bror
jeg ser hva du har gjort
og legger kronen bort
straffen lå på deg
nåden bærer meg

Har du sakna Hyrdingen i postkassen din?

Av redaktøren

Vi har levd i «god tru» om at kyrkjebladet kom ut i alle postkassar i Vindafjord. Nå viser det seg at Posten har gjort ein feil og at 230 husstandar i Skjold ikkje har fått Hyrdingen i 2017 og nummer 1 i 2018. Dette kan vi berre seia oss leie for og gjer det vi kan for å retta dette opp slik at alle husstandar er mottakarar framover.

Årsaka er at ei av Posten sine utdelingsroder kryssar kommunegrensa

til Tysvær. I 2016 måtte vi senda ut Hyrdingen også i delar av Tysvær for å kunne sikre alle i Skjold bladet. Så vart vi varsla om at dette skulle verta endra frå desember det året, og har levd i den trua at dette har fungert. Fleire i Skjold har i seinare tid meldt tilbake at dei ikkje har fått Hyrdingen og det viser seg å vera rett.

A1 Grafisk Ide, som vi nyttar til å utgje bladet, har tilbode seg å trykja opp eit ekstra opplag av nummer 1 i år og syta for ettersending i mars

til dei som fall ut av distribusjonen. Det seier vi oss svært takksame for og er glade for eit godt samarbeid med dei gjennom mange år.

Så vonar vi at om nokon saknar bladet i framtida, kan gje oss eit tips om dette, så skal vi gjera vårt beste for å ordna opp så dei får bladet (vi har alltid nokre ekstra blad på lur). Men hugs også på at du kan finna alle utgåvene frå 2010 og fram til i dag, på Internett:

www.hyrdingen.no



Vener for livet

Av: Britt Karstensen, kateket

Siste helga i januar var det igjen invitert til felles weekend på Brandøy for alle 5.klassingane i Vindafjord i regi av kyrkjelydane si trusopplæring. Alle bygder var representerte.

Temaet «Vener for livet» fekk oss

til å tenkje på korleis me kan bry oss om kvarandre; både dei me kjenner frå før, nye vener i Vindafjord, og å hjelpe born som ikkje har det så bra i andre land (misjon). Me fekk høyre om korleis Jesus vil vera alle sin ven og korleis han kan hjelpe oss til å vera ein god ven i kvardagen.

Me var aktive på mange måtar i løpet av helga, både ute og inne, og avslutta med ei flott gudsteneste saman med foreldre, søsken og bygdefolk frå Bjoa. (PS-Kjenner du ein 4.klassing? Dei kan glede seg til å bli med til neste år! – set av siste helga i januar alle-reie no).



Høgt aktivitetsnivå med kreativitet og glede. Apg. 17, 28: For i han er det vi lever og rører oss og er til.





IMSLAND KYRKJE

SUNDAG 29. APRIL KL. 11:00

LINNEA HANSEN
HANNA MARVIK JOHANSEN
ANJA INNVÆR STAURLAND
HANNA ELISABETH STAURLAND

SANDEID KYRKJE

SUNDAG 6. MAI KL. 11:00

HANNE BJELLAND
SUSANNE VORMESTRAND KRO
MARIE RØDNE
NATALIE APELAND SKARPEID
ANDREAS HÅRDE
BENJAMIN SMELVÆR THUNES
OLA VESTBØ

VIKEDAL KYRKJE

SUNDAG 13. MAI KL. 11:00

LENA GULDHAV
INGRID SKOGEN
KARINE JOHANNESSEN AAREKOL
LARS WESTERHEIM SØYLAND
HÅKON STAKNES BAKKEDAL
EIVIND GRIMÅS
KARSTEN LANGHELLE
MATIAS STAKNES

ØLEN KYRKJE

LØRDAG 28. APRIL KL. 11:00

ALEXANDER KVAMME AREFJORD
DINA ARNESTAD
MATHIAS CARLSEN AUGESTAD
MARI GRAVELSÆTER BERGE
KENT NIDOY BREKKE
CASPER KVAMEN CLAUSEN
BENJAMIN KLUNGLAND DAHLBERG
SARA AGNETHE EIKESDAL
RAGNHILD STEINER FRØNSDAL
HANNE GANGDAL
JONAS HEDDELAND
BENJAMIN HOLE
LIVA HUNDHAMMER
MILDE EIKEHAUGEN KNUITSEN
MARTIN KROKSTAD KRISTIANSEN
RONJA GRØDEM LODE
SANNA NERHEIM
HANS CHRISTIAN OSALAND
LARS FREDRIK OSALAND
PIA HELEN RULLESTAD
JULIE VIK

ØLEN KYRKJE

SØNDAG 29. APRIL KL. 11:00

AURORA AAREKOL
EMMA ANDREASSEN BERGE
FREDRIK BERGE



FOTO: ROBERT DREIER T. HOLAND

JOAKIM BERGE
KRISTIAN BERGE
MARIA BERGE
MARKUS ANDREASSEN BERGE
ADELINA BUSTIHAN
SYNNE SØRÅS GENBERG
GEIRMUND LØNNING HAALAND
THOMAS TVEDT HAARDE
KRISTINE HELGESEN
ELISE HUNDHAMMER
EMMA BJELLAND INGEBRIGTSEN
TIRIL IVESDAL
HANNA LANDRO
JARLE SØNDENÅ NYGÅRD
IDA PETERSEN
ANDREAS ROA
SYNNE ØKLAND

BJOA KYRKJE

SØNDAG 6. MAI KL. 11:00

SONDRE BERGSVIK KNUITSEN
KRISTOFFER KNUITSEN
ANDREAS LUNDE
SINDRE SKÅLNES SANDSGÅRD
TOR VEE SANDSGÅRD

SKJOLD KYRKJE

LAURDAG 28. APRIL KL. 11:00

JØRGEN LITLABØ AMUNDSEN
ERIK HJELM FJELDHEIM
INGEBJØRG HARALDSEID
EMIL HAUGEN
CASSANDRA ERSDAL HOEL
(FRÅ VIKEBYGD)
VEBJØRN HUSTOFT
SONDRE SKJOLD KVIGNE
VICTORIA LANGELAND LINT
MATHEA TVEIT
HENNY WANNBERG

SKJOLD KYRKJE

SØNDAG 29. APRIL KL. 11:00

MARIUS ROSSEBØ AMUNDSEN
EMMA BAUGE
KRISTINE JOHNSEN EIDE
SIMON HÅVARDSHOLM
JON KRISTIAN KALSTVEIT
ALEXANDER HUSTOFT NESHEIM
NICOLAI SKJOLD
TRULS SKJOLD
ELINE NAMDAL TOKHEIM

VATS KYRKJE

SØNDAG 6. MAI KL. 11:00

NORA AKSLAND
VEBJØRN SKÅLNES BLIKRA
KRISTIAN NORDHUS DØVIK
SOFIE EIKE
EMIL TVEIT HALSNES
MARIUS HARALDSEID
LOUISE HOGNALAND
SIGURD IHLE
MATIAS LANGELAND
MADELE VANNES
JAN ERIK VAULA
BÅRD KRISTOFFER VELDE

VIKEBYGD KYRKJE

SØNDAG 13. MAI KL. 11:00

MARTINE RUGTVEIT BJØRNEVIK
OLE JOHAN ESPELAND
ELINE FOSTENES
VILDE ISABEL LANGHELLE
MARTINE LARSEN
ELËN TJOFLOT NES
STINE TJOFLOT NES
FREDRIK SUNDVE

Hyrdingen 60 år

Av: Trygve Sandvik, Vats.

Ja, i år er kyrkjebladet vårt 60 år. Ikkje nett noko stort jubileum, men soga bak kyrkjebladet er så pass spesiell og interessant at ho fortener å kome på trykk no sidan det ikkje var noko markering då bladet var 50 år.

Starten for kyrkjebladet

På soknerådsmøte den 23.3. 1959 vart det under sak 18 i Skjold sokneråd reist spørsmål om ikkje kyrkjelydane i Skjold og Vats burde få seg eit kyrkjeblad. Sokneprest Kåre Time greidde ut om spørsmålet, og for å undersøkje dette nærmare og koma med eit framlegg, vart sokneprest Kåre Time og lærar Severin Hove valde. Desse måtte då arbeida saman med Vats. Ein må vera merkksam på at Skjold sokneråd i dei tider omfatta både Søre og Nordre Skjold, og deling kom først frå 1965.

I soknerådsmøte 14.9.59 førelåg det kostnadsvurdering og fleire tilbod på trykking. Presten vart pålagt å røkja etter om Tysvær – Bokn var interessert i å vera med i eit slikt blad. I alle tilfelle var det gildt om ein kunne fått første nummer ut til jul.

Julenummer 1959 1. årgang

Den 9.11.59 vart det kalla inn til soknerådsmøte på Isvik bedehus for å gjera endeleg vedtak om eit kyrkjelydsblad for Skjold, Vats, Tysvær og Bokn. Det møtte utsendingar frå alle desse sokna. På møtet vart det gjort vedtak om namn, utgjevar, format, nummer pr. år, opplag, bladpengar, årsbudsjett, trykking og redaktør, redaksjonsnemnd, kasserar og bladekspeditør.

Det kan nemnast at 1. årgang av kyrkjebladet var julenummeret 1959, og bladet var på 8 sider i A-4 format. Sokneprest Kåre Time og Peter Hermansen var redaktørar, og Magnus Sørhus, Vats var kasserar og bladekspeditør med adresse Vestvoll i Blikrabygda. Redaksjonsnemnda var samansett av 1 representant frå kvar av dei 4 sokna, og desse var valde av sokneråda. På side 7 er teke inn framsida frå kyrkjebladet nr. 3 i 1970, då bladet dekkja andre sokn enn i dag.

Nye kommunegrenser skapar problem

Endringane i kommunestrukturen frå 1965 skapte problem for kyrkjebladet. Dei nye kommunegrensene stemde ikkje overeins med prestegjelda. Tysvær kommune omfatta både Tysvær og Nedstrand prestegjeld, og Førdesfjorden høyrde tidlegare med til Avaldsnes kommune som no etter samanslåinga gjekk inn i Karmøy kommune.

Å tilpassa kyrkjebladet til kommunane tok ei viss tid. Men i 1967 vart det utvida til også å omfatta Nedstrand prestegjeld, og i 1969 kom Førdesfjorden med. Som ein liten kuriositet kan nemnast at Nedstrand prestegjeld omfatta også Sjernarøyane sokn som t.d. omfatta halve Ombo.

På årsmøtet i Skjold sokneråd 29.1.1971 la sokneprest Hansen fram spørsmålet frå fellesrådet om å la kyrkjebladet koma ut for prestegjelda Skjold og Vikedal og la Tysvær og Nedstrand prestegjeld gå ut. Dette fekk støtte frå årsmøtet, og Hansen fekk i oppdrag å arbeida vidare med spørsmålet i samråd med Tysvær og Nedstrand prestegjeld. Sandeid, Vikedal og Imsland hadde på den tida ikkje noko kyrkjeblad, og tanken til soknepresten var at kyrkjebladet skulle omfatta heile den nye kommunen.

Delingsmøtet

Den 9.12.1971 var det samla til eit stort møte hjå Johan Haugen i Austreimsbygda i Skjold for å drøfta deling av kyrkjebladet. Dei som møtte var sokneprestane i Skjold, Nedstrand og Tysvær. Dessutan møtte representantar frå sokneråda i Skjold, Vats, Nedstrand, Vordeneset, Førre, Tysvær, Bokn og ekspeditør og kasserar Magnus Sørhus.

Drivkrafta bak det heile var sokneprest Hansen i Skjold. Han peika på at Sandeid, Vikedal og Imsland ikkje får kyrkjeblad, og at bladet femner over store område frå før. Skulle bladet verta utvida med den indre delen av Vindafjord kommune i tillegg, ville det verta vanskeleg med det lokale stoffet. Det var nå eit ønskje frå sokneråda i Skjold og Vats å få to blad dersom Bokn og Tysvær var samde.

Ordet vart gjeve fritt og det vart diskutert for og imot deling. Samanbinding av folket i til dømes Søre og

Nordre Skjold, økonomi, avstandar og praktisk gjennomføring vart drøfta for to eller eit kyrkjeblad, og til slutt vart det røysta over deling. Avrøystinga viste at 9 var for deling 2 var i mot. Representantane frå Skjold og Vats var ikkje med på avrøystinga fordi sokneråda der hadde vedteke å gå inn for deling i fall sokneråda i Tysvær og Bokn gjekk inn for det.

Kyrkjeblad for heile Vindafjord


Det kyrkjelege fellesrådet i Vindafjord valde i 1971 eit arbeidsutval som skulle arbeida for eit kyrkjeblad for heile kommunen. Då det var klart at det skulle vera to blad, måtte det også namn på blada. For Vindafjord vart HYRDINGEN det nye namnet, og for Tysvær vart det KYRKJETONAR. Frå 1.1.1972 fekk me det nye kyrkjebladet. Formatet vart no noko mindre (A-5 format) og sidetalet var på 8 sider. Bladet kom ut med 10 – 12 nummer i året.

Slik gjekk det fram til 31.12.1994. Frå 1995 vart formatet gjort litt større, men framleis med same talet på nummer som tidlegare.

Frå 1.1.95 skjedde det noko. Redaktøren skreiv ei heil spalte i bladet om økonomien. Kommunen var i store økonomiske vanskar, og frå det haldet vart det sagt at også Hyrdingen måtte ta sin del av problemet. Tidlegare hadde kommunen betalt 15 000 pr. år som støtte til bladet. Dette skulle vera til dekning av annonsering av gudstenestene, men mykje av ordninga var no falle bort ettersom dei ulike sokneråda bruka dagspressa i tillegg. Resultatet av denne pengekrise, vart at talet på nummer gjekk ned til 6 pr. år, og seinare har dette talet halde seg.

Årgangsnummerering av bladet

Dei av lesarane som har gamle utgåver av Hyrdingen, vil sjå at omkring 2000-årstalet vart årgangen auka med 12 frå det eine året til det andre. Dette har si forklaring. Kyrkjevevja oppdaga at det var ulik årgangsnummerering på KYRKJETONAR og HYRDINGEN til tross for at dei starta likt. Det viste seg at dette kom av at Kyrkjetonar hadde halde fram med nummereringa då dei fekk eit nytt blad, medan Hyrdingen hadde starta på 1 i



KYRKJEBLAD

FOR SKJOLD - VATS - TYSVÆR - BOKN - FØRDESFJORDEN - NEDSTRAND

Nr. 3 — 1970

Utgjeve av sokneråda.

Utgjevarstad: Nedre Vats

12. Årgang



Siger over sorg

Av biskop Dagfinn Hauge

Barna har alt i fleire veker songe påskesalmar, og påskedag syng vi med i dette barnekoret alle saman og let det tona frå landsende til landsende: «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid.» Det er som påska si jublende glede er knytt til desse enkle orda og den velkjende salmetonen, og slik har det vore frå våre yngste barneår.

Men det er sterke ord dette: «— slukker sorgen til evig tid.» Er dei for sterke? Livet er ikkje så enkelt. Vi lever i ei omskifteleg verd, der «sorgen og gleden de vandrer til hope, lykke og ulykke ganger på rad.»

I minsto er det ikkje skugge av tvil om at de første påskevitnene meinte kva dei sa. Om det fortel dei enkle fråsegn — og elles sjølve kyrkje sin eksistens med all ynskjeleg klårleik. Og deira situasjon var vel ikkje mykje lettare enn vår? Verda smila ikkje alltid til dei heller. Men påskehelga si glede åtte dei. Dei visste at deira lagnad og alle menneskje sin lagnad vart ein annan med Kristi oppstoda.

Legg merke til korleis menneskje i stor trengsel just fann ei trygg trøyst i bodskapen om den levande Herre. Om Martin Luther vert fortald at påskebodskapen stendig var ei hjelp for han i sorg og spaining. Når mismodet ville slå han ned, ropte han til seg sjølv: «Han lever, Han lever.» Hans Nielsen Hauge fann same trøysta i tunge stunder i livet: «Jeg er hos Gud i nåde. Hva skader verden meg, om den en stund får råde, og stenger meg min vel.»

Er det ikkje det same som den gamle salmisten såg fram imot hundretals år før Kristus: «Han dukar bord åt meg like framfor augo åt fiendene mine.» Og so dei mange, mange andre gjenom tidene.

Men da gjeld det også for oss, vi som høgtider påske idag. Det er noko langt større enn ljose minner og fromme tankar som ligg i påskesalma vår. Her er sann trøyst å finne: **Påskemorgen slukker sorgen.**

1972. Dette vart retta på frå neste årgang. Difor er bladet 60 år dette året, men namnet HYRDINGEN er 48.

Oppsummering

Me har sett at grensene for bladet har vorte endra mange gonger. Likevel er det ei stor endring som ikkje er kome med. Frå 1.1.2006 vart grensene for Vindafjord kommune utvida til også å omfatta tidlegare Ølen kommune. Hyrdingen fylgde med. Ølen kommune hadde ikkje tidlegare noko eige blad, og Hyrdingen vart

no utsendt til alle husstandar i Ølen, Bjoa og Vikebygd, og dekka såleis heile det nye Vindafjord – eit opplag som dekka over 3 000 husstandar. Det må og nemnast at formatet på bladet i slutten av århundreskiftet vart utvida til A 4 format, og slik har det vore sidan. Sidetalet har variert frå 12 til 16 sider, avhengig av stoff og økonomi.

Det er mykje som burde ha vore nemnd i jubileumsåret. Alle som har stått i brodden for å gi ut bladet. Alt strev med å finna stoff og få det på

trykk. Og ikkje minst det økonomiske. Bærebjelken i det heile har vore og er dei friviljuge bladpengane. I dei første blada kom namna på dei som hadde gjeve bladpengar, på trykk.

I dette nummeret får me avgrensa orienteringa til å omfatta det organisatoriske. Innhaldet er likevel det viktigaste, og det kunne ha vore gildt om det var nokon av lesarane som har ei helsing å koma med i jubileumsåret. I eit slikt år er det tid for å sjå seg attende.

MINNEORD

Prest og misjonær Trygve Sandvik døydde 24. januar 2018, 94 år gammal.

Gjennom eit langt og spanande liv forkynte han til det siste Den glade budskaperen med glede og entusiasme. Han var ein ordkunstnar både i det muntlege og skriftlege. I tillegg var han eit ja-menneske. Trygve var langt oppi 80-åra då han til dømes hadde tre taler på nasjonaldagen, og det er ikkje så lenge sidan han leverte frå seg nattverdskofferten.

Folk lika høyra Trygve ausa av livskunnskapen sin, framført med entusiasme og alvor, men alltid ispedd litt humor. Han tala liksom med heile seg. Ein gong forkynnar, alltid forkynnar, tyktest vera «gamlepresten» sitt motto. Han var alltid budd.

Trygve kom så nær menneska han møtte. For svært mange vart han ein medvandrar i livet.

Trygve Sandvik voks opp på garden Sandvik i Erfjord i Ryfylke. Han var nest yngst i ein syskenflokk på elleve. Han lika kroppsarbeid, men det boklege låg nok for han på ein heilt spesiell måte. Då han vart konfirmant, spurde presten, Olav Valen Sendstad, han om han ikkje ville bli prest, men det hadde Trygve ikkje lyst til. «Eg har no heller tenkt å bli misjonær,» svara han. «Ja, men det er jo så mye, mye bedre,» smilte konfirmantpresten. Og slik vart det.

Etter folkeskulen gjekk han gymnas på Voss. Her møtte han sin livskjærleik, Hanna Olsen frå Hauge-sund. Også ho hadde tankar om eit liv i teneste for misjonen.

Etter krigen vart det 4 ½- års utdanning ved Misjonshøgskulen i Stavanger medan Hanna studerte farmasi i Oslo. I 1950 vart Trygve ordinert til prest av biskop Bjarne Skard i Tønsberg.

Dei trudde dei skulle verta misjonærar i Sør-Afrika, men slik vart det ikkje. Av ein eller annan grunn fekk dei ikkje visum. Dette skjønna dei lite av, og det enda med at Trygve søkte lærarhøgskulen i Trondheim. Men ein dag utpå hausten i 1951 ringde misjonssekretær Johannes Skauge i NMS: «Kan du dra til Japan i mor-



Trygve Sandvik

gon?» «Der var det,» tenkte Trygve. Det vart ein gledens dag for han og Hanna.

På den to månaders lange båtreise til Kobe i Japan reiste dei saman med misjonærparet Lars og Haldis Tjelle. Då dei steig i land, var dei overtydde om at her skulle dei vera. Her skulle dei få mange fine dagar.

Etter halvtanna år med språkstudier, og etter at Trygve hadde tatt bilsertifikat, overtok dei ansvaret for misjonsstasjonen i Osaka etter misjonær Kjøllestad. Her underviste Trygve m.a. fleire bibelklasser, og han prøvde radioevangelisering. Her arbeidde dei fram til sommaren 1957. Saman med døtrene Kristin (5 år) og Gjertrud (1 år) reiste dei då attende til Noreg.

I 1959 bar turen attende til Japan og Kobe. Dei fem åra dei då var ute, underviste Trygve i dogmatikk og kyrkjesoge ved bibelskulen til NLM, NMS og i frikyrkja i Kobe. Om søndagane reiste han og elevane ofte rundt på evangelisering.

Tilbake i Noreg att tok Trygve praktikum på MF, og så vart han rektor på Misjonsbibelskulen i Stjørdal. Då hadde dei og fått sonen Bjørn Harald.

Så kom Trygve, Hanna og borna til Skjold. I 1967/68 var Trygve vikarprest her, men han fekk og høve til studier ved Luther Seminary i USA.

Åra 1969 – 73 var Trygve heiltids

prestelærer, og rektor i to av åra, ved bibelskulen i Kobe. Det var også her han underviste då han og Hanna var attende i Japan i 1978/79.

Men det er ikkje berre som prest og misjonær Trygve Sandvik vil bli hugsa. Frå 1973 – 1981 hadde han ansvar for utgjevinga av misjonsblada «Norsk Misjonstidende», «Ny Horisont» og «Kom og se». «Norsk Misjonstidende» som han var redaktør for, hadde på den tid eit opplag på 40 000 og kom ut med 40 utgåver i året. Eit stort og omfattande arbeid.

Trygve Sandvik skreiv òg bøker, 10 i alt. Den siste, «Fra Keiser til Kristus», kom i 2002.

I 1981 og fram til 1988 var Trygve og Hanna prestefolk i Hå, og i 1988 kom dei for godt til Skjold. Her var han sokneprest fram til 1991, men heilt fram til 2006 var han vikarprest både i Nordre Ryfylke og Karmsund prosti. 2006 var òg året Trygve fekk han Kongens fortjenestemedalje for lang og tru teneste.

Trygve og Hanna kjende seg heime i Skjold. Dei bygde seg hus på Egga, der Hanna hadde nære slektsrøter. Dei opplevde dei var komne heim. Folket i Skjold og Vats sette umåteleg pris på Trygve prest, eller «gamlepresten» som han etter kvart vart kalla.

Med Trygve er ein folkekjær prest, forkynnar, ein familiekjær far, svigerfar, farfar, - ein medvandrar gått bort. Han hadde eit motto: TODAY, - og han levde etter dette: Trygve var til stades, og han såg kvar einskild kring seg.

Diktet «Skjelvande dogg», som òg er tittelen på diktsamlinga han gav ut, er på mange måtar sjølvbiografisk. Eg siterer det til slutt:

Skjelvande dogg

Skjelvande dogg på strå,
er det meg ?

Hildrande morgon speglar seg der
til den brest.

Ja, måtte eg spegle klårt
den korte tid
eg skjelv i morgonvind.

Skjold, 5. februar 2018
Gunnar Listog



Av: Hanne H. Brekke

Yngres på Ersland bedehus er eit aktivt barne- og ungdomsarbeid som nå er 35 år.

Yngres starta på Ersland i 1983. I starten var det mest gitar som gjekk på Yngres, medan det har vore mest jenter dei siste åra. Heilt frå starten og fram til i dag har dei laga trearbeid slik som lastebil og dokkevogger. Dette er tradisjonelle leiker som ikkje går av moten. Strikking og handarbeid har også vore faste aktivitetar.

I den seinare tida har dei byrja med støyping av til dømes vasar, og dei har laga ein del ting i papir.

Anne Margrete Hjelmeland Gregeresen, Kirsti og Vidar Hjelmeland, og Karianne og Ragnar Dagsland er faste leiurar på Yngres. Anne Margrete fortel at dei har fått god hjelp av folk som har vore innom enkelte gonger, for eksempel med symaskin og for å hjelpe til med lysstøyping.

I starten var det helst ungar frå Erslandskrinseren som gjekk på Yngres. No kjem det ungar frå heile bygda. Dei siste åra har det vore mellom 18

og 22 born frå 4. klasse og oppover på samlingane.

Dei startar kvelden med nokon gode ord, før dei byrjar med aktivitetane. Kvelden blir gjerne avslutta med ein leik og songen «Fager kveldssol smiler».

Yngres har basar kvar vår i mars/april. Pengane dei samlar inn blir delt, der noko går til Stemmestaden, og noko ut i verda til Normisjon sine prosjekt eller Skjold kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt. Resten går til å kjøpe inn materiell til neste års Yngresaktivitetar.



Nokre av aktivitetane som borna får delta i på Yngres.



Vårvind

*Lat våren strøyma mot oss,
skjenk kraft på underfullt vis
du som trassar kulde og vinter
du som bryt
gjennom snø og is.
Del
av din indre styrke,
din ynde
og sterke rot
- slik at vindar som bles
i verda
vert enklare å stå imot.*

- Ingalis

Løysing kryssord side 16: Vassrett: 1. PI 3. ÅS 4. SK 5. SKAP. 7. AKE 8. AV. 10. SOL. 11. ELI. 12. LIAM 14. ELSE 15. JL. 16. EE.
Loddrett: 1. PÅSKELILJE, 2. ISKAKE 5. SKOLE 6. PALME 7. AS 9. VI 13. ASLE

Henta frå Hyrdingen 1970

Påska er frå gamalt av kyrkja si storhelg, langt meir enn jula som i vår tid har størst tak på folk. Når vi les evangelia, skjønar vi kvifor det er slik. Det som hende i Jerusalem, Jesu lidning, død og oppstode har fått den største plassen og er heilt sentrale og avgjerande hendingar som vår kristne tru knyter til.

Vår påske fell saman med jødane si påskehøgtiding slik at påskedag fell på første sundag etter første fullmåne etter vårjamdøger. Dette let oss ane skjeringspunktet mellom den gamle og den nye pakt.

For jødane var påska den viktigaste religiøse festen. Eigentleg var påska berre namnet på den første kvelden i ein fest som strekte seg over ei veke, usyrdebrødhelga. Då høgtida ein minnet om utfriinga or Egypt, Guds store frelseshandling i folket si soge.

Namnet påske har samanheng med desse hendingane slik det er

forklara i 2. Moseb. 12, 13 og 27. Det tyder forbigang. Gud ville straffe egyptarfolket, men lova å gå forbi der det var stroke blod av eit lam på dørkarmen, Seinare skulle ein høgtide dette med å slakte eit lam, stryke blod på dørkarmen og samlast til eit måltid der påskelambet, usyrda brød og bitre urter vart bore fram. Det usyrda brødet skal minne om at måltidet i Egypt vart laga til i hast. Måltidet gjekk føre seg etter eit visst ritual. Det vart reist spørsmål og gjeve svar om dei hendingar som låg til grunn for festen, og det vart sunge salmar, Salme 113-118.

Den kristne påska spring fram or den jødiske, og er ei vidareføring av denne.

For det første blir eit endgyldig påskelamb slakta, det er Kristus. Med det er all synd sona for alle tider. Dette offeret har då eingongskarakter og avløyser alle andre. 1. Kor. 5, 7.

Ut frå dette blir så eit nytt påskemåltid stifta, det er nattverden. I brødet og vinen får ein del i Jesu lekam og blod som vart gjeve for oss i dø-

den til forlating for syndene.

Men den kristne påskehøgtid inneheld noko som sprengjer det gamle. Det er underet på den tredje dagen, Jesu oppstode frå dei døde. Med det kjem sigerstanken inn. Synda og døden, den vonde si makt er broten.

Dette er kjernepunktet i vår kristne tru som påska minner oss om. · Førte dagar faste innleia påskehøgtida. Talet skriv seg frå Jesu freisting i øydemarka. Då skulle ein samla tankar og sinn om desse ting. Fasta gjekk ut skjærtorsdag. Då skulle ein gjere seg rein frå fasta sitt smuss og støv. Av dette kjem namnet på dagen. Det har med reinsing å gjere.

Skjærtorsdag er vigd minnet om innstiftinga av nattverden.

Så kjem den lange fredag som vert kalla slik på grunn av dei store hendingar for Jesus og for oss. Det er ein taus dag med alvorleg gudsteneste.

Den tredje dagen etter Jesu krossfesting, den første dagen i veka etter jødisk rekning, er oppstodedagen som kastar lys over påska og forkynner von og framtid for alle menneske

Toalett på plass inne i kyrkjebygget

Av: Steinar Skartland

«Våpenhuset» eller gangen i Vi-kebygd kyrkje er blitt litt mindre. Den søre delen er kledd inn og det er laga plass for eit toalettrom. Nå treng ein ikkje lengre gå ut og ned til bårhuset for å finna toalett i kyrkja.

Soknerådet har hatt dette som eit mål i fleire år. og nå har det endeleg lukkast å få det klart. Finansieringa er gjort med midlar frå «Stiftelsen Liv og Thomas Bakkevig's Fond for Støtte Til Vedlikehold og Reparasjon Av Vikebygd Kirke».

Arbeidet er fint utført av byggmeister Lauritz Bjørnevik. Ein har tatt omsyn til at dette skal passa inn i arkitekturen i den vakre murkyrkja som er verna av riksantikvaren. Det er arkitekt Arne Tveit som har teikna løysinga og røyrleggjararbeidet er utført av røyrleggjar Haraldseid. Døra frå Våpenhuset og inn i toalettrommet er laga i same stil og fargeval som



dei andre dørene. Den eksisterande utedøra i sørveggen er framleis der, men er låst og har ikkje vore nytta på mange år. Den søre døra inn til kyrkjekipet er stengd og blanda av på toalettsida, men er synleg inne frå kyrkjerommet, fortel Arne Tveit. Alt er bygd med tanke på at det teoretisk skal kunna fjernast for å få attende den gamle stilen, men dette er noko ein nok ikkje har som eit mål å

gjennomføra. Men krava er slik til eit verna bygg, og endringar må godkjennast både av kyrkjelege organ og av riksantikvaren.

- Det har vore ein vanleg søknadsprosess via formelle kanalar, bispekontoret sine konsulentar og til Riksantikvaren, fortel Arne Tveit og seier at det ikkje har vore spesielle utfordringar med å få dette godkjent.

Toalettet og rommet er tilrettelagt for brukarar av rullestol. Når ein nå i tillegg både har fått på plass rullestolrampe ute og tilrettelagt plass i kyrkjerommet slik at rullestolbrukarar kan sitja inne mellom benkene, så har vi ei kyrkje som er endå betre tilrettelagt for at alle skal bruka henne. For nokre år sidan vart det elles laga ein eigen rampe framme i kyrkja, slik at rullestolbrukarar kan koma seg opp til alterringen.

Kyrkjelyden set stor pris på dette som nå er gjort for å leggja tilrette kyrkja, og vi oppfordrar alle i bygda til å nytta søndagane det er gudsteneste her til å vitja kyrkja.



FamilieKRIK-weekend på Gullingen

Av Margunn Lygre Strømme

Helga 2.-4. februar var ein god gjeng familieKRIK-arar frå Skjold og Vats samla på Gullingen. Helga skulle etterkvart visa seg å bli strålende, på alle vis! Gud viste skaparverket sitt frå si aller finaste side med sol frå skyfri himmel, ingen vind og ein solid porsjon snø.

Fredagskvelden kom me oss på plass på romma våre, før me nytte eit måltid varm mat saman. Dei aller ivrigaste tok seg tid til ein tur i den flombelyste akebakken før kveldssamlinga. Allereie fyrste kvelden hadde me fått øvd oss godt på den nye leirsongen. Gjennom heile helga fekk me høyra om at Gud har skapt

oss alle, og at me alle er forskjellige og har ulike "nistepakkar" med kvar våre eigenskapar, interesser osv. Etter morgonsamlingane vart me delte i små grupper, og både store og små fekk vera med å be saman.

Pølsegrilling og OL stod på programmet på laurdagen. Det spørst om ikkje dei vaksne var minst like ivrige som dei litt mindre vaksne når det skulle konkurrerast i flaskeløp og akebrettdragning. Eit skikkeleg skirenn fekk me også tid til. Resten av dagen kunne familiane gjera som dei sjølve ville. Om kvelden var det tid for tacofest, før dei minste la seg, dei mellomste hadde film/diskokveld og dei største hadde ei flott samling med lovsong, andakt og deling.

Samlinga sundag morgon vart

runda av med ein medaljeseremoni. Dei aller fleste deltakarane i KRIK-OL stakk av med kvar sin (sjokolade)gullmedalje (som nokon greidde å eta opp før seremonien var ferdig...). Når me var leie av å aka/gå på ski/stå på slalåm, pakka me bilane og reiste heim igjen. Og alle var me samde om at det hadde vore ei super helg!

"Vinter, sol og sang.

Ake dagen lang.

Det er godt å være sammen.

Vi skal huske på

at hvor hen vi skal gå,

så vil Jesus være med oss.

For vi har en venn i himmelen, en

venn i himmelen, en venn i himme-

len; Det er Jesus".



Gudstenester i påskefjellet

Mange vindafjordingar er på ski i Seljestad-Røldalsområdet i påsken. I desse kyrkjene blir det gudstenester: Skare kyrkje: Palmesøndag kl. 11:00 og skjærtorsdag kl. 19:00. Røldal kyrkje: Langfredag kl. 19:00 og 1. påskedag kl. 11:00.

Basar på Kårhus bedehus

Onsdag 9. mai kl. 19:00. Andakt, song, trekning på bok og årer. Mat og kaffi. Velkommen. Krakk og Nesheim kv.for.

Vår-basaren i Vats!

Laurdag 14. april kl. 13:00 på skulen. Andakt v/ Hanne Brekke, song v/Kids of joy. Kafé med graut, kaker, kaffi, fruktspyd og godteposar. Marknad med heimebakst og fine heimelagaging til våren. Aktivitetar for borna, m.a.: lykkehjul, ansiktsmaling og tatoiveringar! Lodd- og åresal. Arken, Vats bedehus/soknehus-foreining.

Pensjonistmøte i Vindafjordhallen

Møte kl. 17:00-19:30. 20. mars. Tema "BEDRE LIV" kjem med produkt og ein fin gevinst. 24. april. Kåsør Jone

Hatteland. Trekkspelmusikk, sang, opplesing, mat. Kom og bli med!

Kyrkja si web-side: vindafjord.kyrkjer.no

Torsdag 1. mars hadde Fellesrådet og representantar for sokneråda sitt årlege møte i lag for å drøfta felles utfordringar. Her kunne Kari Vik Stuhaug presentera kyrkja si nye web-side kor folk kan finne oppdatert informasjon om gudstenester, trusopplæringsaktivitetar, kyrkjer mm. Adressa er: www.vindafjord.kyrkjer.no

Leir på Stemmestaden

Stemmestaden leirstad ligg i Grinde i Tysvær. Her er det aktivitet heile året i form av leirar og weekendar, stemner, loppemarked, festar, temakveldar og utleige av ulikt slag. Stemmestaden leirstad er eigd av Normisjon, og i desse dagar er det full planlegging av sommarleirar. Ennå er det ledig plass på alle leirane. Sjå oversikt nedanfor, og meld på.

Barneleirar:

15.-17. juni Minileir. 4-7 år i følgje med vaksen. 22.-24. juni Aktivitets-

leir. 5.-7.kl. Her får du prøva ulike aktivitetar. 25.-27. juni Amigosleir 3. 1.-4.kl. Måndag morgon til onsdag ettermiddag.

Påmelding til desse barneleirane skjer på nettsida: checkin.no (søk på leirnamnet) eller via: acta.as/rogaland. Lurer du på noko kan du ringja tlf.: 93 83 31 50 (mellom kl.8-15 mån-tors).

Brandøy Misjons- og konferansesenter

Oversikt over leirar på Brandøy i vår

- Påskeleir 10. klasse og opp, 28. mars-1. april 2018
- Teens-weekend 5.-7. klasse, 6.-8. april 2018
- Juniorhelg 4-9 år med følgje, 13.-15. april 2018
- Vårtreff 23.-26. april 2018
- Dugnadshelg 25.-27. mai 2018
- Sommar-minileir 2.-4. klasse 25.-27. juni 2018
- Sommarleir 5.-7. klasse 28. juni-1. juli 2018
- Familieleir 4.-8. juli 2018
- Active Ten 8. klasse ++, 9.-12. august 2018

Skjold kyrkje torsdag 5.april kl. 17:30-18:15

Kveldssong-konsert med Lina Fisk Eide

Av: Kari Synnøve V. Haugen

Mest for dei minste, men gode tips til fine kveldssongar og ei koseleg stund for alle! Ta gjerne barnebarnet eller fadderbarnet ditt med deg!

Som ein del av trusopplæringa i Vindafjord vil alle dei minste borna få invitasjon til dette arrangementet. Det er tenkt som ei koseleg stund med dempa belysning, madrassar og puter på golvet, rolege kveldssongar og borna må gjerne koma i pysjen. Dersom nokon ynskjer å ta kveldsmaten med seg, har me god plass til å sitja til bords i sidesalen enten før eller etter konserten. Me lagar ikkje til noko felles måltid.

Me vonar det kan bli ei god og minneverdig oppleving og ynskjer velkommen til små og store frå heile kommunen. Arr: FUT.



Illustrasjonsbilde frå 2014

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knapphus Bil



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

Euro Florist Booth Design

Knapphus



Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

SpareBank



SR-BANK

AOI



Arbeid og Inkludering

joker



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Er du ei bedrift som kan tenkja deg ei støtte-annonse i Hyrdingen, så ta kontakt med redaksjonen: tlf 908 73 170.

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døde	Døypte	Vigde
Bjoa			
Imsland	23.02.18 Jenny Josefine Ilstveit Nordtveit f.1933	28.01.18 Linnea Hansen	
Ølen	11.01.18 Lilly Osaland 14.01.18 Monrad Lorens Berge 20.01.18 Anna Torvestad 23.01.18 Torleiv Geir Frønsdal	21.01.18 Vilma Berge 18.02.18 Leander Aasbøe Andersen	03.02.18 Kjersti Mosaker og Kenneth Hundhammer
Skjold	24.01.18 Trygve Sandvik f.1923 29.01.18 Berner Eikeland f.1925 10.02.18 Leiv Seglem f.1950 11.02.18 Finn Ellefsen f.1943	04.02.18 Emma Hernes-Hansen 18.02.18 Andrea Løland-Lunde 18.02.18 Tiril Helene Oppedal	
Sandeid	09.02.18 Karl Johan Hustvedt f. 1933	11.02.18 Sina Sørvik Steinnes	
Vats	10.01.18 Astrid Ingara Eikeland f. 1934 31.01.18 Magda Helene Tofting f. 1927 01.02.18 Klaus Krakkr f. 1957 04.02.18 Ole Martin Ohm f.1923 22.01.18 Eimund Koltveit f.1928	28.01.18 Kristoffer Langeland Steinsland 28.01.18 Matilde Log Rødde 25.02.18 Lars Strand Maage	
Vikedal	20.02.18 Harald Espevoll f.1951	04.02.18 Karoline Reimers Holten Leifsen	
Vikebygd	04.01.18 Anna-Lilja Jonsson f.1987 21.01.18 Signe Dømmersnes f.1925 24.01.18 Andreas Johannes Ulveraker f. 1946	21.01.18 Jens Tveit	

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

DATO	STAD	TID	TITTEL	BESKRIVELSE	PREIKENTEKST
25.03.2018	Vats kyrkje	11.00	Høgmesse	Takkoffer til Kirkens Nødhjelp, nattverd	Matt 26,6-13
25.03.2018	Fjellstøl Skianlegg	12.00	Gudsteneste	Offer Diakoniarbeidet	Matt 26,6-13
29.03.2018	Ølen kyrkje	18.00	Gudsteneste	Kveldsmat på Kyrkjetoget. Nattverd.Kirkens SOS	Luk 22,14-23
29.03.2018	Imsland kyrkje	19.00	Høgmesse	Nattverd. Takkoffer til Diakoniarbeidet	Luk 22,14-23
29.03.2018	Skjold kyrkje	20.00	Gudsteneste	Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Luk 22,14-23
30.03.2018	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste	Langfredagsgudsteneste. Offer Stefanusalliansen	Joh 18,1-19,42
30.03.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste		Joh 18,1-19,42
30.03.2018	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste	Langfredagsgudsteneste. Offer Utstein pilegrimsgard	Joh 18,1-19,42
01.04.2018	Ølen kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Takkoffer til Brandøy	Matt 28,1-10
01.04.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd	Matt 28,1-10
01.04.2018	Skjold kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Offer Norea, mediemisjon	Matt 28,1-10
01.04.2018	Vikebygd kyrkje	17.00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Offer Misjonsalliansen	Matt 28,1-10
01.04.2018	Bjoa kyrkje	17.00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Offer Kirkens Nødhjelp	Matt 28,1-10
01.04.2018	Imsland kyrkje	18.00	Høgtidsgudsteneste	Takkoffer til Frelsesarmeen i Sauda.Nattverd	Matt 28,1-10
08.04.2018	Eintveit, Åkrafjorden	11.00	Familiegudstjeneste	Famgudst. på Eintveit, Åkrafjorden i høve konf.leir	Joh 21,15-19
08.04.2018	Vats kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Norea, mediemisjon	Joh 21,15-19
15.04.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Takkoffer til prosjektor i kyrkje. Nattverd	Joh 10,1-10
15.04.2018	Skjold kyrkje	17.00	Høgmesse	G 17. Nattverd. Offer Blå kors i Norge	Joh 10,1-10
15.04.2018	Ølen kyrkje	18.00	Gudsteneste	Ung messe med konfirmantane. Offer til Trusopplæring i Vindafjord	Joh 10,1-10
20.04.2018	Skjold kyrkje	18.00	Gudsteneste	Ung messe. Offer til Trusopplæring i Vindafjord	Joh 10,1-10
22.04.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Frelsesarmeen i Haugesund	Joh 13,30-35
22.04.2018	Vikebygd kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd.	Joh 13,30-35
22.04.2018	Vats kyrkje	17.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Arken	Joh 13,30-35
26.04.2018	Vikedal kyrkje	18.00	Gudstjeneste	Samtalegudsteneste for Imsland, Vikedal og Sandeid. Festsamvere på Vikedal bygdehus etter gudstenesta.	Joh 13,30-35
27.04.2018	Vats kyrkje	18.00	Gudsteneste		Joh 13,30-35
28.04.2018	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Joh 13,30-35
28.04.2018	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Joh 13,30-35
29.04.2018	Imsland kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til konfirmantarbeidet	Luk 13,18-21
29.04.2018	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Luk 13,18-21
29.04.2018	Skjold kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Luk 13,18-21
04.05.2018	Vikebygd kyrkje	18.00	Gudsteneste	Samtalegudsteneste. Offer Acta.	Luk 13,18-21
06.05.2018	Vats kyrkje	11.00	Konfirmasjon		Matt 7,7-12
06.05.2018	Bjoa kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Matt 7,7-12
06.05.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til konfirmantarbeidet	Matt 7,7-12
10.05.2018	Imsland kyrkje	12.00	Familiegudsteneste	Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap	Luk 24,46-53
13.05.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til konfirmantarbeidet.	Joh 3,16-21
13.05.2018	Vikebygd kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	Joh 3,16-21
13.05.2018	Skjold kyrkje	17.00	Gudstjeneste	Takkoffer til Acta.	Joh 3,16-21
17.05.2018	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste	Takkoffer til misjonsprosjektet	Matt 22,17-22
17.05.2018	Bjoa kyrkje	10.00	Gudsteneste	Takkoffer til Kirkens Bymisjon	Matt 22,17-22
17.05.2018	Vikebygd kyrkje	10.00	Gudsteneste	Takkoffer til Kirkens Bymisjon	Matt 22,17-22
17.05.2018	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste	Festgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon	Matt 22,17-22
17.05.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste	Festgudsteneste. Takkoffer til Redd Barna	Matt 22,17-22
17.05.2018	Skjold kyrkje	11.30	Gudsteneste	Takkoffer Trusopplæring i Vindafjord	Matt 22,17-22
17.05.2018	Ølen kyrkje	11.30	Gudsteneste	Takkoffer ungdom i oppdrag	Matt 22,17-22
17.05.2018	Vikedal kyrkje	12.30	Gudsteneste	Festgudsteneste. Takkoffer Redd Barna	Matt 22,17-22
20.05.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Takkoffer Kyrkjelydsarbeidet	Joh 14,15-21
20.05.2018	Ølen kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Offer Stiftelsen Menighetssøsterhjemmet	Joh 14,15-21
20.05.2018	Vats kyrkje	11.00	Høgmesse	Takkoffer Normisjon	Joh 14,15-21
27.05.2018	Sandeid gamle kyrkjegard	11.00	Familiegudsteneste	Kystkultur gudsteneste. Offer Norsk kyrkje i utlandet	Luk 10,21-24
27.05.2018	Skjold kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Indremisjonssamskipnaden	Luk 10,21-24
03.06.2018	Likvik, Skjold	11.00	Familiegudsteneste	Friluftsgudst. med speidarane. Nattverd. Offer NLA	Gal 3,23-29
03.06.2018	Fikse	11.00	Familiegudsteneste	Friluftsgudst. på Fikse. Offer Frelsesarmeen i Hgsd. Samarbeid med Etne	Gal 3,23-29
03.06.2018	Vikedal kyrkje	16.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Kirkens Bymisjon	Gal 3,23-29
10.06.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Nattverd. Offer Trusopplæring i Vindafjord	Joh 1,35-51
10.06.2018	Refsnes, Vats	11.00	Familiegudsteneste	Offer Global	Joh 1,35-51
10.06.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Felles gudst.med IMS sitt Årsmøte i Ølen. Takkoffer til Indremisjonssamskipnaden	Joh 1,35-51

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

Kyrkjetunet i Ølen

22.3. torsdag	17:30	Internasjonal samling
3.4. tirsdag	19:00	Strikkekafe
5.4. torsdag	11:00	Torsdagstreff (Pris kr 60,-)
5.4. torsdag	17:30	Internasjonal samling
11.4. onsdag	17:00	Utkast Brubyggjaren (opplegg for 6-åringar)
12.4. torsdag	17:30	Internasjonal samling
13.4. fredag	17:00	Barnekor
13.4. fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
13.4. fredag	19:30	Felleskap på tvers
15.4. søndag	16:00	Show It
18.4. onsdag	17:00	Utkast Brubyggjaren (opplegg for 6-åringar)
19.4. torsdag	17:30	Internasjonal samling
20.4. fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
24.4. tirsdag	19:00	Soknerådsmøte
25.4. onsdag	17:00	Utkast Brubyggjaren (opplegg for 6-åringar)
26.4. torsdag	17:30	Internasjonal samling
27.4. fredag	17:00	Barnekor
27.4. fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
3.5. torsdag	11:00	Torsdagstreff (Pris kr 60,-)
3.5. torsdag	17:30	Internasjonal samling
8.5. tirsdag	19:00	Fellesutval for trusopplæring
22.5. tirsdag	19:00	Soknerådsmøte
24.5. torsdag	17:30	Internasjonal samling
25.5. fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
25.5. fredag	19:30	Felleskap på tvers
31.5. torsdag	17:30	Internasjonal samling

Sjå møtedatoar på: kyrkjetunet.no

Innbjoa bedehus

4.4. onsdag	10:00	Bønnemøte
4.4. onsdag	18:00	Bedehusbasar
11.4. onsdag	10:00	Bønnemøte
12.4. torsdag	10:30-12:00	Formiddagstreff
13.4. fredag		CREDO for 5.-10. klasse
18.4. onsdag	10:00	Bønnemøte
22.4. søndag	17:00	Søndagsmøte
25.4. onsdag	10:00	Bønnemøte
2.5. onsdag	10:00	Bønnemøte
2.5. onsdag	19:30	Møte
9.5. onsdag	10:00	Bønnemøte
16.5. onsdag	10:00	Bønnemøte
23.5. onsdag	10:00	Bønnemøte
23.5. onsdag	19:30	Møte
24.5. torsdag		Formiddagstreff/Avslutning med tur
25.5. fredag		CREDO for 5.-10. klasse
30.5. onsdag	10:00	Bønnemøte
6.6. onsdag	10:00	Bønnemøte

Utbjoa bedehus

24.3. laurdag	16:00	Basar for Utbjoa bedehus
11.4. onsdag	19:00	Indremisjonen møte v/Kåre J. Hamre

Bedehusa i Skjold

22.3. torsdag	14:00	Kyrkja: 60+, kl. 14:00 – 16:00
22.3. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnekor (45 min)
22.3. torsdag	18:00	Isvik: Husfreden Basar
22.3. torsdag		Ermland: Bønemøte
3.4. tysdag		Isvik: NMS Misjonsselskapet
5.4. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnekor (45 min)
5.4. torsdag		Ermland: Bønemøte
6.4. fredag	18:00	Ermland: Yngresbasar
8.4. søndag	16:30	Skjold Arena: FamilieKRIK
10.4. tysdag		Ermland: NMS Misjonsselskapet
13.4. fredag	18:30	Kyrkja: HFOF
17.4. tysdag		Austrheim: NLM Misjonssamband
19.4. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnekor (45 min)
19.4. torsdag		Ermland: Bønemøte
20.4. fredag	18:30	Austrheim: Snøkklokka basar
24.4. tysdag		Isvik: Samemisjonen
26.4. torsdag	14:00	Kyrkja: 60 + kl. 14:00 – 16:00
3.5. torsdag	17:30	Kyrkja: Barnekor (45 min)
3.5. torsdag		Ermland: Bønemøte
8.5. tysdag		Ermland: Indre Sjømannsmisjon

15.5. tysdag		Austrheim: NMS Misjonsselskapet
22.5. tysdag		Isvik: Flymisjonen
24.5. torsdag		Ermland: Bønemøte
27.5. søndag	16:30	Skjold Arena: FamilieKRIK
29.5. tysdag		Ermland: NLM Misjonssamband
9.6. laurdag-søndag		(Vent og sjå). Familie-KRIK - telttur.
23.6. tysdag		Austrheim: St. Hansfeiring

Bedehusa i Vats

22.3. torsdag	17:00	Kårhus: Påskevandring med kveldsmat. Kids of Joy blir med. Arr: søndagsskulen
28.3. onsdag	19:00	Vats kyrkje: Via Dolorosa. Nb KL. 19:00!
4.4. onsdag	19:30	Kårhus: Normisjon
7.4. laurdag	10:00	Øvre Vats: Dugnad på bedehuset
11.4. onsdag	19:30	Øvre Vats: NMS
18.4. onsdag	19:30	Blikrabygda: NMS
22.4. søndag	11:00	Søndagsskule på Vindafjordtunet, Kids of Joy blir med.
25.4. onsdag	19:30	Kårhus: NLM
2.5. onsdag	19:30	Øvre Vats: Muslimmisjonen
9.5. onsdag	19:30	Kårhus: NMS Basar
12.4. torsdag	20:00	Øvre Vats bedehus: PÅFYLL møte

Vikebygd bedehus

23.3. fredag	18:00	Basar og årsmøte. Andakt: Rune Birke-land. Song, musikk og tradisjonell basar
5.4. torsdag	19:30	Stemnestadkveld. Bodil og Kørner Høie fortel frå leirstaden. Andakt, song og musikk
19.4. torsdag	19:30	Møte. DISM v/Georg Kallevåg
24.5. torsdag		Møte, sjå plakat.
14.6. torsdag	19:30	Gladssong

Venneklubben (vikebygd søndagsskule) har samlingar på fredagar. Sjå plakat eller kontakt Lene Bjerga om dato og tid.

Vågen bedehus

25.3. søndag	11:00	Søndagsmøte. Talar: Gustav Løge Fosse
28.3. onsdag		Bønnemøte
29.3. torsdag	19:30	Nattverdmøte. Talar: Jonas Bergem
1.4. søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM. Talar: Egil Skutlaberg
3.4. tirsdag	19:00	Gutelagsbasar, NLM
4.4. onsdag	19:30	Bønnemøte
7.4. lørdag	20:00	Loftet
8.4. søndag	11:00	Søndagsmøte Talar: Siv Heidi Eidsheim
11.4. onsdag	19:30	Bønnemøte
12.4. torsdag	20:00	Møte - ungdomshelg, Loftet og bedehuset. Talar: Asbjørn Handeland.
13.4. fredag	20:00	Møte - ungdomshelg, Loftet og bedehuset. Talar: Asbjørn Handeland.
14.4. lørdag	11:00	Bibeltime - ungdomshelg, Loftet og bedehuset. Talar: Asbjørn Handeland
14.4. lørdag	20:00	Møte - ungdomshelg, Loftet og bedehuset. Talar: Asbjørn Handeland
15.4. søndag	11:00	Søndagsskule
15.4. søndag	13:00	Søndagsaktiviteten
17.4. tirsdag	18:00	Yngres
18.4. onsdag	19:30	Bønnemøte
22.4. søndag	11:00	Søndagsmøte
25.4. onsdag	18:00	Bedehusbasar
28.4. lørdag	20:00	Loftet
29.4. søndag	11:00	Søndagsskule
29.4. søndag	19:30	Søndagsmøte, DISM. Talar: Georg Kallevåg
2.5. onsdag	19:30	Bønnemøte
6.5. søndag	11:00	Søndagsmøte
9.5. onsdag	19:30	Bønnemøte
12.5. lørdag	20:00	Loftet
13.5. søndag	11:00	Søndagsskule
13.5. søndag	13:00	Søndagsaktiviteten
13.5. søndag	19:30	Søndagsmøte, Misjon Sarepta. Talar: Hans Bergane
16.5. onsdag	19:30	Bønnemøte
16.5. onsdag	20:00	Loftet
20.5. søndag	11:00	Søndagsmøte
23.5. onsdag	19:30	Bønnemøte
26.5. lørdag	20:00	Loftet
30.5. onsdag	19:30	Bønnemøte
3.6. søndag	11:00	Familiemøte, NLM
6.6. onsdag	19:30	Bønnemøte

Di trushistorie del 2




Ei trushistorie er ei historie som fortel noko om forholdet mellom deg og Gud. Historia kan vere kort og frå nyare tid, eller den kan vere lang og gå heilt tilbake frå tida som barn. Alle har ei historie.

Hyrdingen vil som nemnd i siste nummer ha fokus på spørsmål knytt til trushistorie ei tid framover. Under overskrifta «Di trushistorie» vil vi koma med spørsmål som kan nyttast til eigen refleksjon rundt dette temaet, eller som utgangspunkt for samtale i smågrupper. Vi er nå komne til del 2.

Andre menneske sin påverknad på ditt bilete av Gud

Korleis har menneske som har stått deg nær vore med å forma ditt bilete av Gud, på godt og vondt? Det kan vere foreldre, nære omsorgspersonar eller andre som har hatt betydning for livet ditt frå barndom til vaksenliv. Har du hatt nokre opplevingar av Gud som utvida ditt bilete av Gud samanlikna med det du har fått formidla frå andre?

Dei to bileta er nesten like.
Finn du dei fem feila på det
nederste biletet?



Barnekryssord

Vassrett:

1. Per Isaksen
3. Li
4. Sølvi Karlsen
5. Oppbevaringsstad
7. På kjelke
8. Ikkje på,
10. Måne og ...
11. Bibelsk prest
12. Gutenamn
14. Jentenamn

15. Jan Larsen

16. To like

Loddrett:

1. Vårblomst
2. Dessert
5. Må alle gå på
6. Tre
7. Anne Solheim
9. Eg og du
13. Gutenamn

Løysing side 9

Andaktstelefonen

380 91700

Åpent bele døgn!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no



Kirkens SOS
815 33 300

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 7. juni.
Frist for levering av stoff er
12. mai.